



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marius Slinde / 57655877

Vår referanse:
15/204205-54

Dykkar referanse:
2014/6322

Vår dato:
14.01.2016

E39 Heiane - Ådland/Nordre Tveita Stadfesting av motsegn mot kommunedelplan

Vi syner til brev til Stord kommune datert 6. november 2015, der vi sende forslag til kommunedelplan for E39 Heiane – Ådland/Nordre Tveita over for politisk handsaming. Fylkesmannen i Hordaland har fått kopi av dette brevet. I brevet opplyser vegvesenet om at vi fremjar motsegn mot to av dei fire alternativa i kommunedelplanen. Motsegnene fremjar vi med bakgrunn i vår rolle som forvaltar av riksvegnettet på vegne av staten.

Som det går fram av oversendingsbrevet er grunngjevinga for at vi varslar motsegn mot alternativ 1 at dette alternativet ikkje har ein standard som samsvarar med overordna føringar. Alternativet er dimensjonert for fartsgrense 80 km/t, men i dei rutevise utgreiinga er det lagt til grunn at standarden på E39 mellom Akسدal og Bergen skal vere dimensjonert for 110 km/t. Det høyrer også med til saken at alternativet kjem dårlegast ut i konsekvensutgreiinga og at det etter vårt syn difor ikkje er forhold som talar for å gå ned på standarden her.

Alternativ 5 inneber ei vegløyning som i stor grad er lik løysinga for alternativ 4. Alternativa skil seg likevel vesentleg frå einannan, sidan ein med alternativ 5 får tunnel under friluftsområdet Landåsen, medan alternativ 4 har veg i dagen her.

Dei ikkje-prissette konsekvensane (konsekvensane for ytre miljø) er difor betre med alternativ 5 enn alternativ 4. Det er likevell vår vurdering at alternativ 4 har ei løysing som gjer at dette alternativet også gir ei god løysing gjennom Landåsen. Det er lagt inn miljøtunnel gjennom Kollane og der E39 kryssar over turvegane ved Landåsvatnet, ligg europavegen på bru for å redusere dei visuelle verknadane av ei daglinje her, samt å gje marginal påverknad av turvegnettet. Etter vår vurdering ivaretek desse tiltaka moglegheitene for friluftsliv i nærturområdet Landåsen.

Det store omfanget av tunnel i alternativ 5, gjev vesentleg høgare kostnad for dette alternativet enn alternativ 4. Det er ein skilnad i utbyggingskostnadane på 375 millionar kroner. Dersom ein også tek omsyn til auka kostnadar til drift og vedlikehald og skattekostnadar vert det ein skilnad som i netto noverdi er på 536 millionar kroner. Dette er kostnadar som må dekkast over dei offentlege budsjetta.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Statens vegvesen kan ikkje sjå at vinsten for ytre miljø kan forsvare dei vesentleg større kostnadane som alternativet inneber for dei offentlege budsjetta som alternativ 5 har i forhold til alternativ 4. Dette er grunngevinga for at vi også varslar motsegn mot alternativ 5.

No har Stord kommune vedteke å legge planforslaget ut til offentlig ettersyn. Difor sender vi dette brevet og stadfestar vår motsegn mot kommunedelplanen sine alternativ 1 og 5 til dykk, sidan Fylkesmannen har ansvar for samordning av statlege motsegner i arealplansaker i Hordaland.

Vi avventar dykkar vidare handsaming av motsegnene våre.

Statens vegvesen
Med helsing

Olav Finne
avdelingsdirektør

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Kopi: Stord kommune

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.